



STUDENT PARLAMENTET

VED HØGSKULEN I VOLDA



Årsmelding 2022

Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda

Innhald

1. Innleiing og målsetjingar	3
1.1 Samansetjing av AU	3
1.2 Korona.....	4
2. Studentpolitisk arbeid i Studentparlamentet	5
2.1 Møteaktivitet i Studentparlamentet.....	5
2.2 Saker Studentparlamentet har jobba med.....	5
2.3 Råd, utval og prosjektgrupper.....	6
3. Arbeidsutvalet	6
3.1 Møteaktivitet og dagleg drift.....	6
3.2 Synlegheit og profilering	6
4. Studentvelferd og arrangement	7
4.1 Velferdsgruppa	7
4.5 Eksamensboost i eksamenstida	8
4.6 Internasjonale studentar	8
5. Tillitsvalde studentar på studieprogramma	9
5.1 Klarare rolle og registrering av tillitsvalde.....	9
6. Studiestart 2021	10
6.1 Fadderveka	10
6.2 Val av nytt Studentparlament.....	11
6.3 Oppstartshelg	12
7. Samarbeid	13
7.1 Samarbeid med leiinga ved HVO og Studentsamskipnaden	13
7.2 Studentrådet i UH-nett Vest.....	13
7.3 Norsk Studentorganisasjon (NSO).....	13
7.4 SAIH – Studentenes og akademikernes internasjonale hjelpefond	14
8. Økonomi	14
8.1 Budsjett og rekneskap for 2022	14
8.2 Tildeling av velferdsmidlar	16

1. Innleiing og målsetjingar

Studentparlamentet i Volda er det øvste studentdemokratiske organet ved HVO, og arbeider for studentane sine faglege, demokratiske og sosiale rettar.

Studentparlamentet består av 11 valde hovudrepresentantar med 11 vararepresentantar, og eit arbeidsutval (AU) med 5 studentar som saman med organisasjonskonsulenten tek seg av den daglege drifta.

Prinsippprogrammet for 2022-2026 framhevar Studentparlamentet sitt overordna mål om å arbeide for studentdemokrati og -medverknad, studiekvalitet og studentvelferd. Dette er konkretisert i det årlege arbeidsprogrammet som fylgjer studieåret. Arbeidsprogrammet for 2022-2023, vedteke på oktobermøtet, vektlegg i tillegg kommunikasjon, inkludering og likeverd, miljø og samarbeid.

1.1 Samansetjing av AU

Arbeidsutvalet fram til april 2022:

Leiar – Trond-Fredrik Hagemann Hoddevik
Nestleiar og fagansvarleg – Matilde Tafjord Rødhammer
Velferdsansvarleg – Daria Jermacane
Informasjonsansvarleg – Bethel Britto
Internasjonalt ansvarleg – Fady Gemayel

Arbeidsutvalet etter valet i april 2022:

Leiar – Trond-Fredrik Hagemann Hoddevik
Nestleiar og fagansvarleg – Leander Prag Sømme
Velferdsansvarleg – Andrine Kompen
Informasjonsansvarleg – Severine Riise Eidem
Internasjonalt ansvarleg – Ammy Bolme



Samansetjinga av AU ber preg av å ha vore noko ustabilt i 2022. Det var ein periode uklart om gjenvalt leiar Trond Fredrik ville fortsette sidan han var midt i ein jobbintervju-prosess. Han blei verande etter avslag.

Derimot blei det klart at Leander trakk seg frå samlege verv grunna overgang til NTNU i august. Resterande AU konstituerte derfor Severine Riise Eidem som ny, midlertidig nestleiar fram til eit operasjonelt Studentparlament var klar til å gjennomføre nyval på første møtet for haustsemesteret. Vervet som fagansvarleg forblei ståande tomt.

Severine Riise Eidem blei formelt valt til vervet som nestleiar i byrjinga av oktober. På same møte blei Nina Skara Pettersen valt som ny fagansvarleg.

I desember blei parlamentet orientert om at Severine og Nina trakk seg frå sine verv i AU. Nyval blei gjennomført på samlege verv, og Nikolai Skaug Kolstad blei valt som ny fagansvarleg. Ingen stilte seg disponible til å bli ny informasjonsansvarleg. Internasjonalt ansvarleg Ammy Bolme blei valt som ny nestleiar.

Arbeidsutvalet etter valet i desember 2022:

Leiar – Trond-Fredrik Hagemann Hoddevik
Nestleiar og internasjonalt ansvarleg – Ammy Bolme
Velferdsansvarleg – Andrine Kompen
Fagansvarleg – Nikolai Skaug Kolstad
Informasjonsansvarleg – Severine Riise Eidem*

*Severine fortsett som fungerande informasjonsansvarleg fram til slutten av januar 2023, då ho må trekke seg grunna utveksling. Nyval blir forsøkt gjennomført på januarmøtet.

1.2 Korona

2022 har til forskjell frå dei to tidlegare åra vore fri for heilt eller delvis ned-stenging. Dette har i praksis ført til at Studentparlamentet har klart å halde samlege møter fysisk, med januar- og februarmøtet som einaste med hybridtilbod. Eit ekstraordinært møte blei gjennomført heildigitalt i byrjinga av april, men dette var av praktiske årsaker og ikkje noko knytt til koronapandemien.

Smittevernreglane blei formelt avvikla nasjonalt i februar. På Høgskulen, gjennom kriseleiinga, blei det bestemt tilbake i hausten 2021 at HVO skulle avhalde mesteparten av skriftlege eksamen som heimeeksamen også våren 2022, uavhengig av smittesituasjon. Praktiske og muntlege eksamenar kunne gjennomførast fysisk på Høgskulen. Trond-Fredrik har representert studentane i kriseleiinga.

Pandemien er endeleg over, og studieåret 2022-2023 blir det første sidan 2018-2019 som går utan smittevernreglar av noko slag.

2. Studentpolitisk arbeid i Studentparlamentet

2.1 Møteaktivitet i Studentparlamentet

Studentparlamentet har hatt sju møter gjennom året, alle fysiske. Alle møter på vårsemesteret tok plass på Høgskulen. Det blei bestemt å leggje alle parlamentsmøta på haustsemesteret til Rokken, slik som var tradisjonen før 2015. Det blei også gjennomført ekstraordinært møte digitalt for å konkludere i saka om parlamentet ynskja valt eller tilsett rektor.

Det blei gjennomført fysisk oppstartsseminar på Kjeldsund i Herøy kommune i september. NSO, SAIH, Studentombod Kjersti Møller, prorektor Odd Helge Tonheim, samt innleiingar og aktivitetar frå organisasjonskonsulent og resten av AU.

Det blei også gjennomført både ein sommaravslutning på Rokken i mai for parlamentet 21-22, og ein juleavslutning på Kaarstad for parlamentet 22-23.

2.2 Saker Studentparlamentet har jobba med

Studentparlamentet gjor vedtak på å flytte sitt kontor frå BK 155A og BK 155B til BK 168 Hustrykkeriet og BK 167. Prosessen har ikkje utvikla seg sidan vedtaket, anna enn å bekrefte med leiinga at parlamentet også har råderett over det nye grupperommet på Hans Strøm, som er tidlegare kjent som Strøm 122 og Strøm 131. Eit nytt kontor vil tillate AU å kunne arbeide og ha møter i eit rolegare lokale. Det er forventa at flyttinga tar plass våren/sommaren 2023.

Ei anna viktig sak har vore standpunktet til studentparlamentet om Høgskulen skulle ha valt eller tilsett rektor. Etter å ha gjennomført både orientering om temaet frå prorektor Odd Helge Tonheim og open debatt, vart det endelege vedtaket å stille seg bak eit valt rektor som styresett. Noko Høgskulestyret også såg seg einige om, med fem (5) mot fire (4) stemmer.



På haustsemesteret blei det klart at regjeringa strupa gratis utdanning for internasjonale studentar utanfor EU/EØS/Sveits, betre kjent som skulepengar. I samarbeid med Norsk Studentorganisasjon og ei rekke studentdemokrati på tvers av landet, blei det arrangert protestdemonstrasjon mot innføringa. Dessverre rakk ikkje budskapet gjennom, og frå 2023 er skulepengar innført.

2022 var frivillighetens år, men dette året har vi sett studenters frivillighet vere forsvinnende liten. Fleire studentorganisasjonar og festivalar har opplevd at flesteparten, om ikkje alle, i sine respektive styrer har hatt ein brå overgang og utskifting. I tillegg har mangelen på nye studentar som deltar som frivillig vore særskilt låg. Rokken har hatt eit vesentleg problem med å vere operative for ein komplett uke. Eit lysglimt er at Fadderveka'22 rekrutterte svært mange fadderar tidleg våren.

Til slutt fekk vi ein venleg tildeling på ein overraskande stor sum av 100 000kr frå Sparebanken Møre. Summen er tiltenkt skal gå til studentvelferd og studentfrivilligheita. AU går breitt ut for å trekke inn så mange innspel som mogleg, deriblant innspel frå parlamentet, tillitsvalde og studentar elles. Prosessen fortsett innover 2023.

2.3 Råd, utval og prosjektgrupper

Innstillingutval Tidlegare studentrepresentant Leander Prag Sømme representerte studentane i innstillingsutvalet for å tilsette ny studiedirektør på Høgskulen. Det blei Ann-Kristin Emblem og starta på nyåret.

Leiar Trond Fredrik representerte studentane i utvalet for tilsetting av ny høgskuledirektør. Det blei Ann-Kristin Emblem og starta seint hausten.

3. Arbeidsutvalet

3.1 Møteaktivitet og dagleg drift

AU har hatt fysiske møter gjennom året. Minimumskravet om minst tre møtande for å vere vedtaksdyktige har blitt oppfølgt, ofte med fleire enn det og. Møta har tatt plass fast på måndagar kl. 14.00.

Arbeidsutvalet har jobba med ei rekke større organisatoriske sakar, t.d. mogleg flytting av studentparlamentets kontor, aktiv deltaking i og mandatfesting av Velferdsgruppa, samt hatt møter med Volda kommune.

3.2 Synlegheit og profilering

Gjennom våren blei det lyst ut val til AU og stillingar i fadderveka på sosiale media. Det kunne, tross eit søknadstal som var over minimumet på seks i faddervekestyret, hatt fleire søkjarar.

Studentparlamentet har reklamert for å ta Studiebarometert og SHoT-undersøkinga gjennom året. Deltakinga har vore noko låg, og sistnemnte undersøking blei utsett ved fleire høve.

Før semesterstart vart det kjøpt skospade, kortholdar, genserar og flaskeopnarar. Til faddervekeposane blei det gitt ut flaskeopnarar. I tillegg blei det gitt ut "Engasjer deg i Volda"-brosjyren. Leiar kom med ei helsing under opningsseremonien til studiestart. I tillegg stod AU på stand for å promotere studentparlamentet, samt at dei deltok på velkomstmiddag for internasjonale studentar i regi av Pangaia. Dette blei delt både

gjennom Facebook og Instagram. I rekrutteringa av kandidatar så blei studentar oppfordra til å kome innom vaffelstand og stille til val.

Arbeidsutvalet deltok også med eiga stand på Volda-dagen. Dette var første gong sidan pandemien byrja, og mange andre studentorganisasjonar var også representert på Volda Campus Arena. For framtida burde AU sjå på om ein skal utvide standen i samarbeid med studentorganisasjonane, slik at alle kan vere representert på stand. Anbefalast sterkt å fortsette å stå på stand, og forsøke å trekke fleire studentar som besøkande.



AU har også forsøkt gjere Studentparlamentet meir transparent og synlege med å lage eit månadleg nyheitsoppslag i Peikestokken skrive av leiar. For vidare bruk, bør tekstane bli meir interessante å lese med kortare og meir presise nyheiter.

På slutten av året skreiv leiar eit [lesarinnlegg i Khrono](#), der han tok opp tematikken knytt til mangel på kandidatar å stemme på ved rektorvalet. Framover må AU, med informasjonsansvarleg i front, utarbeide ein kommunikasjonsstrategi for vidare bruk av sosiale media og politiske markeringar.

4. Studentvelferd og arrangement

4.1 Velferdsgruppa

Velferdsgruppa har no fått eit fast mandat av både oppbygging, økonomiske midlar og formål. AU lovar at organisasjonskonsulent deltek i møta, med andre medlemmar meir sporadisk og etter behov. Samarbeidet med Velferdsgruppa har vore viktig, særleg i lys av koronapandemien. Velferdsgruppa sine sosiale lavterskel-arrangement har vore viktige når mykje anna har vore avlyst. For framtida burde det

etablerast ein gruppe valt inn frå studentparlamentet som har høve til å stille som frivillige medhjelparar på arrangement som Mat&Prat.

4.2 Studentassistentane

Ved hjelp av midlar frå Kunnskapsdepartement, fekk HVO ei moglegheit til å tilsette studentar som assistentar på ulike fag, som kan hjelpe andre med studiane. I tillegg blei nokre av studentane tilsette på biblioteket der dei hjalp med litteratursøk, oppgåveskriving og liknande. Omfanget av studentassistentar har blitt redusert frå fjoråret, grunna omprioriteringar som Læringsverkstaden.

4.4 Studentorganisasjonane

Gjennom 2022 har det blitt svært tydeleg at rekruttering av frivillige har gått nedover. Fleire studentar vel å ikkje delta frivillig, og er til bekymring for langsiktigheita av fleire studentorganisasjonar, kanskje størst av alt vårt eiga studenthus; Rokken. Samtidig er dette problemet blitt adressert gjennom hausten og noko AU kjem til å fortsette å arbeide med inn i 2023.

4.5 Eksamensboost i eksamenstida

Biblioteket og Velferdsgruppa tok ansvaret for dette både ved slutten av vår- og haustsemesteret. Det var gratis frukosttilbod til studentane i kantina i eksamensperioden, «SHUT UP! And Write» og gratis kveldsmat.

4.6 Internasjonale studentar

Norsk:

Ekstraordinært i år var Russlands invasjon av Ukraina som byrja i februar. Ivaretaking av primært ukrainske, men også russiske studentar har vore ein prioritert i møte med både Høgskuleleiinga og Velferdsgruppa. I samarbeid med sistnemnte blei det arrangert «Håpskafe» i mars, der studentar fekk høve til å snakke om situasjonen. Det blei også samla inn flaskepant til støtte for humanitær bistand i Ukraina. Totalt blei det samla inn 704 kr over ein periode på fem ukar og blei donert til Røde Kors.

Studentparlamentet har hatt internasjonale studentar representert gjennom heile året. Førre AU bestod også av 3 av 5 internasjonale. AU fekk ordna ein tolk til parlamentsmøta for haustsemesteret, og er ein praksis som må fortsette for å sikre internasjonale studentars interesse og oppmøte til parlamentsmøter.

Prisen for internasjonalisering blei ikkje utdelt i 2021, men i året som gjekk blei den tildelt Animation Volda. Dei blei tildelt prisen for deira gode innsats i å inkludere av internasjonale studentar som både frivillige og deltakarar av festivalen.

I samarbeid med Pangaia, internasjonalt kontor, og med økonomisk støtte frå SiVolda, organiserte AU den første internasjonale kvelden, betre kjent som Norwegian Night på Rokken. Kvelden var ein suksess, då arrangementet var fullbooka med meir enn 100 internasjonale studentar til stades.



English:

This year was extraordinary in Russia invasion of Ukraine that started in February. Securing both Ukrainian and Russian student's care became a priority in meetings with the University College leadership and Welfare group. In cooperation with the Welfare group, it was arranged in March a "Hope café", in which students got the opportunity to talk about the situation. Additionally, it was collected bottles in return for money that would be sent to humanitarian aid in Ukraine. In total it was collected 704kr over a period of five weeks and was given to Red Cross.

The Student Parliament have had international students represented throughout the whole year. The previous AU had 3 out 5 as internationals. AU has managed to arrange a translator for the fall semester, and is a practice that must continue to secure international students interests and attendance at parliamentary meetings.

The prize for internationalization had a hiatus during 2021, but this year the prize was awarded to Animation Volda. They were awarded for their inclusion of international students as both volunteers and attenders for the festival.

In collaboration with Pangaia, the international office, and financial support from SiVolda, AU organized the first international night, better known as Norwegian Night at Rokken. The evening was a success, as the event was fully booked with more than 100 international students.

5. Tillitsvalde studentar på studieprogramma

5.1 Klarare rolle og registrering av tillitsvalde

Gjennom tett dialog med prorektor, fekk vi på vårsemesteret rydda opp i omgrepet tillitsvald og klargjort rolla. Kvart studieprogram vel 2 tillitsvalde per kull. Desse skal både sitje i kvalitetsutval, men også vere tillitsvalde for Studentparlamentet og bl.a. delta på våre allmøte.

Innmeldinga av tillitsvalde skjer no via avdelingane, og det er HVO sitt ansvar at dei blir melde inn innan fristen. Dette gjer arbeidet med å registrere dei tillitsvalde enklare for oss. På sikt ønskjer vi å opprette eit canvas-rom for å dele informasjon med dei tillitsvalde.

5.2. Tillitsvald-rolla og tillitsvaldhandboka

Handboka for tillitsvalde vart ikkje oppdatert i fjor, og hadde stort behov for eit løft. Gjennom innspel frå dei tillitsvale sjølve, har vi i arbeidet med å oppdatere den, også tydeleggjort dei tillitsvalde si rolle, blant anna når det gjeld det sosiale studiemiljøet. Informasjonen er også gjort meir tilgjengeleg på nettsidene våre.

5.2 Allmøte for tillitsvalde

Vi har gjennomført 3 allmøter for dei tillitsvalde, 2 på våren og 1 på hausten (27.01., 31.03., 31.10.). Møta er i ferd med å finne si form, der vi har invitert aktørar som studentombodet, velferdsgruppa og prorektor til å innleie eller informere om ulike aspekt ved rolla, i tillegg til å bruke det til eit aktivt innspels- og diskusjonsforum på tvers av studium.



Nytt av året er at AU og organisasjonsrådgjevar tek meir aktivt del i møta, slik at fagansvarleg ikkje står åleine i arbeidet.

Oppmøtet har ikkje alltid vore så bra, med mellom 15-25 deltakrar. Her har vi litt å gå på når det gjeld kommunikasjon ut til dei ca 100 tillitsvalde. På hausten vart det oppretta fb-gruppe for dei tillitsvalde, noko vi har hatt tidlegare år, men ikkje i 2021-22. Den var tydeleg sakna, og dei tillitsvalde har tatt godt i mot den.

6. Studiestart 2022

6.1 Fadderveka

Det var ein fleire søkjarar til Fadderveka enn minstetalet på styrets samansetning (seks styremedlemmar). Gjennomføring av intervju og tildeling av verv gjor at vi hadde eit fullverdig Faddervekestyret i midten av mars. Dessverre gjennomgjekk

endringar raskt etter det blei konstituert. Fram til sommaren mista styret halvparten av medlemmane sine. Heldigvis fekk vi også henta inn hjelp frå eit nytt medlem, samt veldig god assistanse frå både Rokken og AU i studentparlamentet.

Rekrutteringa av fadder har vore veldig god, og utgangspunktet var at mesteparten av studieretninga hadde fadder. Noko fråfall skjedde undervegs, og lærarlinja vart prega av mangel. Størsteparten av rekrutteringa kom frå avdeling for media.


For første gong sidan pandemien kunne faddervekestyret planlegge for eit koronafritt år. Pga. interne utskiftingar blei arbeidet forsinka, noko som gjekk utover programinnhaldet i fadderveka. Likevel kan ein sei at Fadderveka var ein suksess, og gjekk for første gong sidan 2019 med overskot i budsjettet.

I etterkant av Fadderveka har evalueringa vist eit større behov for fastare rutinar om korleis arrangementet skal planleggast og ei betre klargjering av ansvar mellom HVO, velferdsgruppe og fadderstyre. I tillegg bør styret bli konstituert tidlegare, helst på hausten. Samt at økonomisk oversikt bør betrast betrakteleg. Vi tek med desse erfaringane inn til ny fadderveke i 2023.

Grunna låg påmelding til faddervekestyret 23, har det ikkje vore hensiktsmessig å gå vidare i prosessen. Derfor blir nytt faddervekestyre konstituert vinteren 2023.

6.2 Val av nytt Studentparlament

Rekrutteringa til Studentparlamentet tok plass i slutten av august. AU stod på stand både under Fadderveka og sporadisk etter det. Fristen for å melde sitt kandidatur var opphavleg satt til søndag 18. september. Ei forbetring frå fjoråret er at vi fekk inn akkurat nok kandidatar til å fylle heile parlamentet: 22 studentar. Det førte også til at ingen stod i reell fare for å ikkje bli valt, og konkurransen stod om faste og vara plassar internt.



Valet blei gjennomført digitalt, der alle studentar blei tilsendt lenke på student-epost. Det blei også sendt ut purring på SMS til alle studentane, men som hadde feil lenke. Valet blei ikkje annonsert på Canvas eller laga nyheitssak slik som i 2021.

Valoppslutninga var på 5,52%, noko som tilsvara 238 av 4315 stemmeføre. Same som med 2021 var dette ein veldig låg oppslutning, og er noko som må rettast opp i. Valet av studentrepresentantar til Høgskulestyret opplevde ein stor framgang i oppslutning. Studentparlamentet bør bruke gjennomføringa av valet til høgskulestyret som inspirasjon for 2023. I tillegg er problemet adressert gjennom arbeidsprogrammet, der oppretting av eiga kanal på Canvas og utarbeiding av ein kommunikasjonsstrategi blir prioritert.

6.3 Oppstartshelg



Årets oppstartshelg (laurdag til søndag) blei gjennomført i på Kjeldsund i Herøy kommune. Det var både kurs og opplæring, samt overnatting på stedet. Kjeldsund blei valt på grunnlag av pris. Det blei besøk frå Norsk Studentorganisasjon med tidlegare leiar Andreas Trohjell, samt prorektor Odd Helge Tonheim frå Høgskulen. SAIH deltok digitalt. Seminaret føregjekk på laurdagen, med 14 av 29 påmeldte.

Til ettertanke skulle ei representant frå velferdsgruppa (utanfor AU) vore representert, samt at det hadde vore ønskjeleg at ei studentrepresentant frå Høgskulestyret var til stades (men på dette tidspunktet var dei ikkje blitt vald enno). Det er viktig å invitere gjestar for framtida, då dette skapar ein meir livlegare atmosfære enn digitalt opplegg.

Til slutt bør parlamentet vurdere om Kjeldsund burde vere fast plass for oppstartshelg grunna dyre prisar i resten av nærområda til Volda.

7. Samarbeid

7.1 Samarbeid med leiinga ved HVO og Studentsamskipnaden

Gjennom 2022 har vore eit forholdsvis godt og tett samarbeid med leiing og samskipnad. Vi har hatt faste leiingsmøter omtrentleg ein gong i månaden, der alle partar får høve til å ta opp saker og planlegge vidare arbeid.

Velferdsansvarleg, leiar og organisasjonsrådgjevar har delteke i velferdsgruppa, der alle tre aktørane, samt eksterne, er representert. Dette styrker velferdstilbodet og koordineringa av dei, og gruppa gjer eit særskilt viktig arbeid.

7.2 Studentrådet i UH-nett Vest

UHNV (Universitets- og høgskule-nettet på Vestlandet) har vore aktive gjennom året, med fysiske møter i Kristiansand (Universitet i Agder) to gonger, ein i februar og andre i juni, og Bergen (NLA høgskolen og Universitet i Bergen) i september. Eit par digitale planleggingsmøte har også teke plass i forkant. På sommaren deltok leiar, avtroppande nestleiar og påtroppande nestleiar på overlapp seminar.

Her har det vore godt høve til å diskutere rekke tema som studentvelferd, interne prosessar i respektive studieinstitusjonar og politikk. Volda har ikkje vore vertskap for eit UHNV møte i 2022, grunna det var seint hausten 2021. Volda burde ta sikte på å avhalde eit UHNV møte i 2023, då dette er ofte ein kjærkomen erfaring frå byuniversiteta.

I tillegg blei studentrådet invitert til UHNV-seminaret, primært knytt til rektorat og leiinga på studieinstitusjonane. Alle studentleiarane var representert, og fekk møte rikspolitikarar og diskutert framtida for UH-sektoren.



7.3 Norsk Studentorganisasjon (NSO)

Studentparlamentet har 3 delegatar på landsmøtet, og for 2022 bestod delegasjonen av delegasjonsleiar Trond Fredrik Hagemann Hoddevik. Calvin Thomas Berget, Karl Schulz og observatør Severine Riise Eidem. Delegasjonen var, forutan leiar, samtlege vara, men som rykka opp grunna fråfall. Ingen i delegasjonen stilte til val til NSOs organ.

Resten av året har leiar og ved høve nestleiar Severine delteke enten på digitale medlemslagsmøter og leiarsamlingar.

Store tema for i år har vore innføring av skulepengar og framtidsstudenten.

7.4 SAIH – Studentanes og akademikarens internasjonale hjelpefond

På opplæringsseminaret for Studentparlamentet deltok SAIH introduserte organisasjonen og arbeidet deira.

Tidlegare internasjonalt ansvarleg Fady Gemayel deltok på SAIHs vintersamling 22, som tillate berre ein delegat pr. studentdemokrati. Han representerte også Høgskulen på landsmøtet til SAIH i slutten av april.

8. Økonomi

8.1 Budsjett og rekneskap for 2022

Budsjett for 2022 vart vedtatt på parlamentsmøte 26. januar. Støtta på 100 000 kr frå SiVolda og 125 000 frå HVO var som tidlegare år. For å få i gang aktivitet og engasjement i studentorganisasjonane etter koronaen, fekk vi også ein tilleggssum frå SiVolda på 30 000 på vårparten, slik at summen i støtte frå SiVolda auka til 155 000 kr i revidert budsjett.

Sidan Studentparlamentet sine midlar ikkje blir overført frå eit år til eit anna, er det eit mål å setje opp eit så realistisk driftsbudsjett som mogleg og gå i tilnærma null. Det klarte vi godt. Studentparlamentet sitt driftsresultat (overskot) var på 4021 kr. Vi brukte også opp alle midlane på posten for velferdsmidlar.

Studentparlamentet sine inntekter kjem frå tildelte midlar frå HVO og SiVolda. Summane har stått stille i fleire år, faktisk sidan 2017, og AU ser behov for at desse blir auka, både for studentdemokratiet og studentorganisasjonane sin del. Prisstiginga gjer at det blir dyrare å arrangere møter og aktivitetar, og vi skulle ønske vi hadde meir velferdsmidlar til rådighet som kjem studentfrivilligheita til gode.

Budsjett og Rekneskap 2022

Inntekter

Støtte frå HVO	kr 125 000
Støtte frå SiVolda	kr 100 000
Ekstastøtte SiVolda mai '22	kr 30 000
Inntekter frå standleige	kr -

Sum totale inntekter	kr 255 000
-----------------------------	-------------------

Utgifter	Oppr. budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap	Til gode
Drift av Studentparlamentet				
Kurs og seminar	kr 25 000	kr 19 000	kr 18 598	kr 402
Møter	kr 30 000	kr 28 000	kr 27 785	kr 215
Info og profilering	kr 25 000	kr 39 500	kr 38 905	kr 595
Sosialt	kr 30 000	kr 26 000	kr 24 403	kr 1 597
Drift/kontor/anna	kr 10 000	kr 7 500	kr 6 288	kr 1 212
Sum		kr 120 000	kr 115 979	kr 4 021
Støtte til studentaktivitetar - velferdsmidlar				
		4		
Fadderveka	kr 10 000	kr 10 000	kr 10 000	kr -
Pris for internasjonalisering	kr 5 000	kr 5 000	kr 5 000	kr -
Studentorganisasjonar	kr 90 000	kr 120 000	kr 120 000	kr -
Sum		kr 135 000	kr 135 000	kr -
Som totale utgifter				
		kr 255 000	kr 250 979	

Resultat

Inntekter	kr 255 000
Utgifter	kr 250 979

Resultat 2022	kr 4 021
----------------------	-----------------

8.2 Tildeling av velferdsmidlar

100 000 kr av Studentparlamentet sitt budsjett for 2022 var sett av til støtte til studentorganisasjonar. I tillegg fekk vi i mai tildelt 30 000 ekstra i til «post korona-velferdsmidlar» frå SiVolda å få opp aktiviteten i studentorganisasjonane.

Utover faste beløp øymerka Fadderveka (10 000 kr) og Pris for internasjonalisering (5 000 kr) i budsjettet, er velferdsmidlane tilgjengelege for studentorganisasjonane gjennom digitalt søknadsskjema. Organisasjonane kan normalt søkje om inntil 7 000 kr per søknad, og søknadane blir handsama av AU fortløpande.

AU mottok 19 søkndar og gjorde totalt 17 tildelingar av velferdsmidlar. Midlane gjekk til 12 ulike studentorgnisasjonar. Vi måtte avvise eit par søknadar på tampen av året fordi midlane var brukt opp.

Velferdsmidlar til studentorganisasjonar og festivalar 2022			Budsjett 120 000
Vår			
1	VEKA i Volda	VEKE-revyen m.m.	kr 7 000
2	Dokfilm	Arrangering av festivalen	kr 7 000
3	Student-TV i Volda	Teknisk utstyr	kr 7 000
4	Volda Studentradio	Inventar til studio	kr 7 000
5	NJ Student Volda	Pressepub, pressepris, NJ-seminar	kr 7 000
6	Student-KRIK Volda	Surfetur Hoddevik	kr 7 000
7	Natura Volda	Surfe-/kajakktur	kr 7 000
8	Animation Volda	Arrangering av festivalen	kr 7 000
Haut			
9	Volda Studentidrettslag	Drift av treningstilbodet	kr 7 000
10	Re:act Volda	Føredragshaldar DYI-kveld	kr 7 000
11	Natura Volda	Surfe- og kajakktur	kr 7 000
12	Peikestokken	Trykkekostnader	kr 7 000
13	Dokfilm	Arrangering av festivalen	kr 7 000
14	NJ Student Volda	Pressepub og Pressepris	kr 7 000
15	StudentKRIK Volda	Hybelkveldar, treningsutstyr	kr 7 000
16	LO-studentane	Nyttårsball	kr 7 000
17	Dokfilm	Dekking av tap Dokfilm '22	kr 8 000
Sum			kr 120 000

Til samanlikning fekk vi i koronaåra 11 søknadar i 2021 og 12 i 2020, medan vi før korona mottok 20 søknadar i 2019 og 24 i 2018. Talet på søknadar i 2022 tyder på at aktiviteten i studentorganisasjonane er i ferd med å ta seg opp, og at dei ekstra midlane vi fekk tildelt kom godt med.